

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	8.2.22	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, Tor Olav Kvam, May Britt Martinsen

**Vara-
medlemar** Bjørn Ebne

Andre Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/22, 2/22, 3/22, 4/22, 5/22, 6/22.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 1/22. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 8. desember 2021
- 2) 30.12.21: Oppretta konto i Sparesmart.no og overførde kr 2 mill. til denne (rente 0,95 %)
- 3) 20.-21.1.22: Fagsamling for fjelloppsynet i regi av NFS halde på Teams
- 4) 25.1.22: Aurland fiskeadministrasjon sin bankkonto i Sogn sparebank er lagt inn under Aurland fjellstyre, i samsvar med fjellstyrevedtak i sak 9/21 og vedtak i Aurland fiskeadministrasjon sitt årsmøte i 2021.
- 5) Innkalling til årsmøte i Aurland fiskeadministrasjon måndag den 14.2.
- 6) Innkalling til årsmøte i Aurland Setjefisk SA tysdag den 1.3.
- 7) 12.1.22: Brev frå Vest politidistrikt: Innvilga søknad om avgrensa politimynde
- 8) 3.2.22: e-post frå Haakon Skjerdal – Korleis ta vare på jaktkulturen?
Merknad: Fjellstyret set stor pris på å få innspel frå brukarane med synspunkt på forvaltninga av m.a. jakt og fiske. Når det gjeld temaet som vert teke opp her – å sikra rekrutteringa av yngre jegerar – har fjellstyret gode, innarbeidde rutinar. Først og fremst punktet i forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning som seier at førstegongsjegerar under 20 år skal prioriterast ved tildelinga av fellingsløyve. Når førstegongsjegeren er under 18 år, kan og den vaksne rettleiaren sitt namn stå på kortet. For jakta 2021 gjekk ein stor del av (dei få) jaktkorta fjellstyret disponerte til førstegongsjegerar. Elles tildeler fjellstyret kvart år eit fellingsløyve for rein til jaktkarusellen, til trekning mellom dei som deltek. Dette er og meint som stimulering til rekruttering og skytetrening. Til slutt vil me nemna at opplegget som opnar for å kjøpa dagskort for hjortejakt i allmenningen i Nordheimsdalen har vorte godt motteke mellom yngre jegerar. Det ser ut til at ordninga er med og senkar terskelen for å vera med på jakt. Saman med Aurland jakt- og fiskelag sitt gode arbeid med jegerprøveopplæring, er dei nemnde tiltaka medverkande til at det eigentleg ser nokså lyst ut i Aurland når det gjeld rekrutteringa til storviltjakta.
- 9) Februar -22: Ein defekt mobiltelefon må erstattast med ny

Aurland, den 10.2.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 2/22. Fjellstyrerekneskapen for 2021

Årsrekneskapen for 2021 låg føre.

Samrøystes vedtak:

Årsrekneskapen for 2021 vert godkjend. Årsoverskotet på kr 92.838 vert overført til eigenkapitalen.

Sak 3/22. Fjellstyret si årsmelding for 2021

Utkast til årsmelding låg føre.

Samrøystes vedtak:

Årsmeldinga for 2021 vert godkjend.

Sak 4/22. Framlegg til medlem i styret for Aurland Setjefisk SA

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Som medlem i styret for Aurland Setjefisk SA innstiller fjellstyret Sigurd Vikesland, med May Britt Martinsen som varamedlem.

Sak 5/22. Opplegg for utleige av hytta i Brubotn

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret meiner det må vurderast ein utleigeperiode om hausten (t.d. i samband med småviltjakta i oktober), i tillegg til den som er aktuell om våren.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret opnar for utleige av hytta i Brubotn i perioden 1.4.-15.6. Informasjon om tilbodet vert lagt ut i marsnummeret av Aurlendingen, og det vert opna for sal gjennom Inatur.no frå midten av mars. Det skal og vurderast ein utleigeperiode i oktober.

Utleigeprisane i desse periodane vert som for fjellstyret si hytte i Håbergsholene:

- Kr 900 for vekedagane (søndag – fredag)
- Kr 1200 for helg (fredag – søndag)

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/21. Møteplan 1. halvår 2022

Samrøystes vedtak:

Det vert lagt opp til møte i fjellstyret følgjande datoar 1. halvår:

- Torsdag 17. mars
- Tysdag 26. april
- Tysdag 7. juni

Aurland, den 10.2.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene